



**Verneområdestyret
for Geiranger-Herdalen**

Postadresse
Postboks 2520
6404 MOLDE

Besøksadresse
Norsk Fjordsenter
Gjørvahaugen 35
6216 Geiranger

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 928 20 034
sfmrpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/geiranger-herdalen>

Nordplan AS
Notenesgata 14
6002 ÅLESUND

Saksbehandler Ingvild Hansen Nystad

Vår ref. 2021/3214-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 14.11.2023

Geiranger-Herdalen landskapsvernombjørde-Områdeplan Raudbergvika-Dispensasjon

Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernombjørde gjorde 08.11.23
samrøystes vedtak mot innstilling:

DISPENSASJON OMRÅDEPLAN RAUDBERGVIKA

Området det vert søkt dispensasjon for, omfattar både areal utanfor verneområdet og areal som under jorda strekkjer seg inn i verneområdet.

Ved innskriving i verdsarven og etablering av verneområdet, vart grensene trekt slik at dåverande gruveområde vart halde utanfor og det vart også gitt høve for framtidig gruve drift. Jfr Verneføresegnene og Forvaltningsplan for Geiranger- Herdalen landskapsvernombjørde.

Forvaltningsstyretemakta kan etter søknad gje løye til: «prøveboring og naudsynte luftesjakter i samband med underjordisk bergverksdrift med uttaksstad utanfor verneområdet.»

(Verneføresegnene 1.3 pkt I)

I gjeldande kommuneplan/ arealplan er området på landsida i Raudbergvika regulert til masseuttak. Sjøområdet har reguleringsføremålet Vannareal for allmenn bruk.

Verneområdestyret meiner at ein i dispensasjonssaka må ta omsyn til dei argumenta som vart lagt til grunn ved etablering av verneområdet, samtidig som ein sikrar at verneføremålet ikkje vert vesentleg svekka. Dette betyr at ein både må kunne ta omsyn til viktige samfunnsmessige interesser, samtidig som ein stiller strenge krav for å sikre at verneverdiane ikkje vert vesentleg sett til side. Verneområdestyret viser til dispensjonspagrapen , NML § 48,(første og siste ledd) og meiner at denne opnar for å kunne gi dispensasjon i saka.

Det vidare arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan gir høve til å styre utviklinga slik at dei momenta som framleis er uklare, problematiske eller uønska kan omgåast eller løysast. Her vil vi særleg peike på krav som må stillast til utslepp og anna forureining.

Dette må sikrast gjennom reguleringsføresegner til framtidig reguleringsplan og konsesjonsbehandling. Med desse etterhalda meiner verneområdestyret at det kan gjevest dispensasjon.

(Miljørettsprinsipp §§8 – 12: Kunnskapsgrunnlaget (8), Føre-var-prinsippet(9) Økosystemtilnærming og samlet belastning(10)) kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver (11) og miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder (12))



Grunngjeving av vedtaket:

Planforslaget som omhandlar områdeplan for landbasert oppdrettsanlegg i Raudbergvika, har sidan planinitiativet vart tatt, vore gjenstand for svært mange utgreiingar og konsekvensvurderinger. Planane er blitt vesentleg justerte etter at ein har fått utgreiingar og innspel knytt til mellom anna skred – og flodbølgjefare, bergteknisk og geoteknisk vurdering, samfunnsøkonomisk analyse, samt konsekvensvurderinger knytt til utslepp, verdsarv og verneområde m.m. Verneområdestyret for Geiranger – Herdalen landskapsvernombord meiner at den reviderte og justerte planen for det landbaserte oppdrettsanlegg i Raudbergvika no kan realiserast utan at verneverdiene vert nemneverdig negativt påverka, jfr paragraf 48 i Naturmangfaldlova. Verneområdestyret legg i denne vurderinga også til grunn at det gjennom den etterfølgjande detaljreguleringsprosessen skal gjerast ytterlegare avklaringar, og vilkår skal fastsetjast i høve til natur og miljø.

Som det går fram av vedtaket i verneområdestyret, er det av styret lagt stor vekt på at Raudbergvika ved innskriving i verdsarven og etablering av verneområdet, vart halden utanfor det området som vart omfatta av vernet. Grunngjevinga for dette var at der var aktiv gruvedrift i området på det tidspunktet – og det vart tatt høgde for at denne aktiviteten skulle kunne utvidast – også med masseuttak under jorda inne i verneområdet.

Områdeplanen for det landbaserte anlegget vil også medføre uttak av masser under jorda i deler av det som er omfatta av landskapsvern og verdsarv, men det vil ikkje endre det visuelle preget av landskapet i verneområdet. Dei geologiske prosessane som har forma landskapet, vil heller ikkje verte påverka av tiltaket.

Den delen av det planlagde tiltaket som ligg «i dagen», er plassert på eit areal som i gjeldande planverk har reguleringsføremålet masseuttak, sjøarealet ved Raudbergvika har reguleringsføremålet vassareal for allmenn bruk. Verneområdestyret meiner det bør vere skilnad på krava som vert stilt innanfor og utanfor verneområdet. Likevel slik at ein ivaretar dei krava som vert sett i Naturmangfaldlova §

49, som seier : « Verneforskriften gjelder ikkje for virksomhet som skjer utenfor vernegrensene. Det er derfor viktig at tilgrensende områder forvaltes på en slik måte at ikke verneverdiene innenfor verneområdet blir forringet.»

Med dei tilpassingar som er gjort i dei justerte planane – samt med dei krava som kan nedfellast i seinare reguleringsføresegner og konsesjonsbehandling, legg styret til grunn at tiltaket ikkje skal forringe verneverdiene.

Viktige føremål ved oppretting av Geiranger – Herdalen landskapsvernombord var:

- å ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med rikt og variert plante- og dyreliv
- Ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart
- Ta vare på geologiske førekommstar og landskapsformer

Verneverdige artar knytt til beitemark vil forsvinne utan eit aktivt landbruk. Det same gjeld naturleg nok setermiljø og kulturminne. Verneområdestyret ser at det vert svært vanskeleg å ivareta desse viktige verneverdiene etter kvart som folketalet i bygdene er blitt dramatisk redusert dei siste åra.

Utan eit velfungerande samfunn med offentlege og private tenester vil også landbruket forvitre og til slutt forsvinne. Vi ser allereie klare tendensar til dette med reduksjon i talet på gardsbruk kombinert med

redusert beitebruk og aukande attgroing. Avfolking av området er etter styret si vurdering eit reelt trugsmål mot verdsarven og verneområdet.



Bygdesamfunna våre står no overfor ei svært krevjande utfordring der etablering av ny verksemd som gir aktivitet og heilårsarbeidsplassar – og dermed rekruttering/tilflytting av yngre innbyggjarar – vil vere heilt avgjerande for å kunne oppretthaldebisetjing og tenestetilbod.

Det landbaserte oppdrettsanlegget vil gi ei slik mulegheit for regionen. Eit areal som er avsett til gruvedrift kan gi rom for ei verksemd som vil gi arbeid til minst 300 tilsette. Ei slik etablering vil kunne gjere det muleg å halde oppe eit busetjing og tilhøyrande tenestetilbod i bygdene – noko som er ein klar føresetnad for at vi i framtida skal kunne halde oppe eit landbruk og ei beitenærings som er avgjerande for det kulturlandskapet som er eit viktig kriterium for landskapsvernet.

Det vidare arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan gir høve til å styre utviklinga slik at dei momenta som framleis er uklare, problematiske eller uønska kan omgåast eller løysast. Her vil vi særleg peike på krav som må stillast til utslepp og anna forureining.

Dette må sikrast gjennom reguleringsføresegner til framtidig reguleringsplan og konsesjonsbehandling. Med desse etterhalda meiner verneområdestyret at det kan gjevast dispensasjon.

Klage

Vedtaket kan klagast på av ein part eller annan med rettsleg klageinteresse, jf Forvaltingslova §28.

Frist for klage er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klagen stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen.

Skjema for klage: www.statsforvalteren.no/FvKlageMR

Forvaltar si tilråding og vurdering av saka

Framlegg til vedtak

Geiranger-Herdalen landskapsvernombordet kan ikkje dispensere for «Områdeplan for Raudbergvika Plan-ID202002». Planen strir mot føremåla til landskapsvernet om å «Ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt plante- og dyreliv» og «ta vare på geologiske førekommstar og landskapsformer» (§2 i verneforskrifta). Planen inneber tyngre tekniske inngrep som kan «verke inn på landskapet sin art eller karakter», blant anna «bergverksdrift», «sprenging og boring», «bryting av steinar, mineral og fossil». (forbod etter Verneforskrift §3, 1.1). Utsleppet frå det planlagte anlegget vil bryte med verneforskrifta §3,6.1 om forureining. Søknaden er vurdert etter dispensasjonsparagrafen §48 og §§8-12 i Naturmangfoldloven.

Dokument i saka

- Utlysing- 2.gongs høyring, Fjord kommune
<https://www.fjord.kommune.no/tenester/tekniske-plan-og-byggesak/hoyring-og-offentleg-ettersyn/hoyring-raudbergvika.68173.aspx>
- Fråsegn - Geiranger-Herdalen landskapsvernombordet (2. gongs høyningsuttale, vedtak i verneområdestyret 04.07.23)
- Søknad om dispensasjon - Geiranger-Herdalen landskapsvernombordet - Områdeplan for Raudbergvika Plan-ID202002" med vedlegg (epost av 20.10.23)

Saksopplysningar

Bakgrunn

Geiranger-Herdalen landskapsvernombordet og områdeplanen

På vegne av utbyggjar, World Heritage Salmon (WHS), fremjar Nordplan AS søknad om dispensasjon for områdeplan for Raudbergvika Plan-ID202002.



Planområdet for det omsøkte landbaserte oppdrettsanlegget har senter i Raudbergvika, ved innløpet til Sunnylvsfjorden i Fjord kommune. Anlegget er tenkt plassert i strandsone, på land, i fjellhallar og tunnel.

Det fjellbaserte arealet vil i stor grad ligge innanfor Geiranger-Herdalen landskapsvernombordet, medan utvendige bygningar og anlegg ligg tett inntil og er omkransa av verneområdet. Sjøområdet som hører til anlegget ligg i hovudinnfallsporten til verne- og verdsarvområdet.

Den planlagte byggeperioden (10 år) og vidare drift medfører aktivitet med influensområde innanfor landskapsvernombordet.

Det meste av planområdet som gjeld tettstaden Eidsdal er tatt ut av planområdet sidan første høyingsrunde.

I siste plandokument er smoltanlegget også tatt ut.

Her er det også tatt høgde for full dekking av kraftbehov gjennom sjøkabler til anlegget - dersom det ikkje blir bygd tunnel til Eidsdal.

Planlagd synleg bygningsmasse i Raudbergvika er i ny søknad nedskalert frå om lag 18500 m² til 3300m² for administrasjonsbygg, lagerbygg, beredskapscenter, overnatningsplassar og fellesfunksjonar.

Her er også planlagt ensilasje- og biogassanlegg, koplingsanlegg/reservekraft, reinseanlegg og vassbehandlingsanlegg. Kaier og transportvegar, skredsikringstiltak og belysning kjem i tillegg. Strandlinja får fylling, plastring og utstrekning med nivåheving til kote 7+.

Berganlegget i Raudbergvika vil utgjere 14 berghallar for oppdrett, og fellesfunksjonar i separate nisjar.

Anlegget omfattar berghallar for oppdrett, tilkomsttunnelar og tunnelar for transport av matfisk til båt, inntakstunnelar for vatn og avlaupstunnelar.

I tillegg er det planlagd ein 6-7 km biltunnel til Eidsdal.

Anlegget vil i all hovudsak bygge nye hallar i berget, og desse vil kome i tillegg til eksisterande gruvegangar etter tidlegare olivindrift i Raudbergvika.

Søknaden av 20.10.23 signaliserer at dei nye hallane vil bli plassert i ei noko endra retning ifht opphavleg plan.

Det er berekna eit masseuttak på 10 mill kubikk (transport-masse), der plan for plassering av massa til no ikkje er klar. Om lag 700000 kubikk av massa skal nyttast i anlegget til m a terengheving.

Områdeplanen omfattar utvida tiltak i terrenget i forhold til første planutkast. Tryggingstiltaka inneber mellom anna anna sju meter høge fanggjerde og reinskning av fjellsida, rasvollar på land, auka høgde på terrenget og auka høgde på bygningar. Måleinstallasjonar skal plasserast med borerrigg i Kilstivatnet, og planane omfattar utvida kaiareal, og stor vasstraum inn og ut frå anlegget (90 m³/sek).

Dei siste tilsende teikningar inneheld ei noko endra plassering nærmare fjellveggen.

Forslaget til områdereguleringsplan har vore ute til andre gongs høyring, og mottatt kommentarar og motseigner frå ei rekke instansar.

Verneområdestyret for Geiranger Herdalen landskapsvernombordet har gitt fråsegn til begge høyringar, sist med vedtak av 04.07.23. Søknad om dispensasjon frå verneforskrifta vart mottatt for seint til ei behandling ved forrige høyingsrunde.

Verneområdeforvaltninga gav då opning for å levere ein ny søknad om dispensasjon, med nye vedlegg som delvis skal svare ut nokon av fråsegene frå sist utlagde områdereguleringsplan. Dette gjeld mellom anna reduksjon av bygningsmasse, ivaretaking av mineralressursar og vatn innanfor landskapsvernombordet.



Vurdering av saka

Saka blir vurdert etter:

- Verneforskrift for landskapsvernombordet Geiranger-Herdalen av 08.10.2004
- Forvaltningsplan for Vestnorsk Fjordlandskap, delområde Geirangerfjorden av 16.12.2008
- Naturmangfoldloven av 01.07.2009

Føremåla med opprettinga av Geiranger-Herdalen landskapsvernombordet er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt og variert planteog fugleliv
- ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer

Dispensasjonar skal vurderast etter prinsippa i naturmangfoldlova §§ 8-12, jf. § 7 Naturmangfoldlova §49 om verksemd utanfor vernegrensene som kan verke inn på verneverdiane i eit verneområde vil og bli gjeldande her, likeins aktionsheitsparagrafen i naturmangfoldlova (§6)

Oppsummering vurdering

Både installasjonane, landskapsendringa, aktiviteteten og utsleppa i samband med omsøkt tiltak vil utgjere tunge inngrep i strid med områdevernet. «Tyngre tekniske inngrep» i hovudinnfallsporten til Geiranger-Herdalen landskapsvernombordet kjem i konflikt med verneforskrifta sitt forbod mot inngrep i landskapet, og vil redusere status som gjeld «Inngrepsfri natur» innanfor landskapsvernombordet.

Dei planlagde utsleppa frå anlegget risikerer å overstige toleevna til fjordsystemet- inkludert sjøarealet innanfor vernegrensene. Samla belastning vil redusere verdien av landskapsvernombordet som heilskap, kunne ha kumulerande effekt, og setje den internasjonale statusen som utvalt naturarvområde i fare.

Risikoene for alvorleg og irreversibel skade på naturverdiar i influensområdet krev bruk av føre-var-prinsippet i Naturmangfoldlova.

Vi viser også til kartlegging og motseigner om kva påvirkning dette tiltaket vil ha å seie for sårbare og raudlista naturtypar, artar, kulturminne, geologi og landskap.

I tillegg kjem omsynet til brukarar av området i forhold til næring, reiseliv, friluftsliv og verdsarv.

Krav til dispensasjon og kunnskapsgrunnlag

«Der et tiltak krever tillatelse både etter verneforskriften og etter annet regelverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt, jf. naturmangfoldloven § 48 tredje ledd. I slike tilfeller skal vedtak først flettes etter verneforskriften.» (Miljødirektoratets Veileder M-106.) Vi viser til tidlegare vedtak i verneområdestyret av 04.01.21 «Fråsegn til Områderegulering med konsekvensutgreiing - Landbasert oppdrettsanlegg Røbbervika, Fjord kommune» (Planprogram av 21.10.2020)

Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen framheva her i sin uttale:

«Verneforskriftene inneholder restriksjonar som krev dispensasjoner for fleire av dei inngrepa og aktivitetane som kan bli aktuelt i samanheng med planlagt tiltak i Røbbervika.

Verneforskriftene forbyr kort sagt inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, blant anna graving, sprenging, boring og bygging. All ferdsel skal skje varsamt, motorferdsel er forbode, likeins forureining og unødvendig støy. (...)»

I dette tiltaket vil «graving, sprenging, boring og bygging» gå føre seg innanfor landskapsvernombordet sine grenser. «Ivaretaking av geologiske førekomstar» er eitt av hovudformåla med landskapsvernet. Planomtalen av 21.10.2020 slår også fast: «Av forvaltningsplanen går det fram at det er forbod mot bergverksdrift i sjølve landskapsvernombordet. (...) Planforslaget legg til rette for å etablere fjellhallar som går inn



under verne- og verdsarvsområdet og bryt dermed med verne- og forvaltningsplanen.»
Tiltakshavar må søkje dispensasjon fra vernevedtak etter paragraf 48 i Naturmangfoldloven.
«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig.»

Same paragraf peikar og på dokumentasjonskrav:

«Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene

Verneområdestyret peika også på dette i si fråsegn av 04.02.22 (første gongs høyring):

«Samla inngrep i verneverdiar er her av ein slik grad at dei vil krevje ei dispensasjonsvurdering ifht lovverk.»

Verneområdestyret mottok dispensasjonssøknad for seint til forrige høyringsrunde, slik at verneområdestyret såleis ikkje tok stilling til ein eventuell dispensasjon eller avslag i sitt vedtak om fråsegn 28.06.23.

Tiltakshavar har fått opning for å kome med ein ny søknad i ettertid, med nye vedlegg som kan svare ut nokre av innvendingane frå verneområdestyret i førre runde.

Denne vart mottatt 20.10.23.

Verneområdestyret, forskrifter og formål

Verneområdestyret har ansvar for å forvalte Geiranger-Herdalen landskapsvernombordet i tråd med internasjonale plikter, Forskrift om vern av Geiranger-Herdalen landskapsvernombordet (FOR 2004-10-08) og Naturmangfoldloven (LOV 2009-06-19).

«Medlemmene av styret skal forvalte verneområda i samsvar med internasjonale plikter, naturmangfoldlova og verneforskriftene for det einskilde verneområdet. Alle medlemmene i styret har eit felles ansvar for ei heilsakleg forvalting av verneområda kor ivaretaking av verneverdiene og verneførmalet er hovudoppgåva.» (Styret sine vedtekter pkt 8).

Verneføresegnene §3 set grenser i forhold til inngrep i landskapet, planteliv, dyreliv, ferdsel, motorferdsel og forureining.

Saka skal vurderast etter Naturmangfoldloven §§8-12, dei miljørettslige prinsippa i naturmangfoldlova

- kunnskapsgrunnlaget (§ 8)
- føre-var-prinsippet (§ 9)
- økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10)
- kostnader ved miljøforringelse berast av tiltakshavar (§ 11)
- miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12)

Naturmangfoldlova §49 blir og gjeldande her- for verksemد utanfor landskapsvernombordet som kan påverke verneverdiene innanfor området.

Dispensasjonsparagrafen NML §48

«Dispensasjonsparagrafen» i Naturmangfoldlova, §48, kan ikkje nyttast i dette tilfellet. §48 inneholder tre mulege tilfelle der ein kan dispensere frå vernevedtak. Desse er ikkje oppfylt her:

1)Dersom tiltaket ikkje strir mot vernevedtaket sitt formål, og ikkje kan påverke verneverdiene nemneverdig, eller

2)dersom sikkerheitsomsyn eller

3)omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig.

«Generelt vil det ikke være adgang til å dispensere for tiltak og bruk som forutsetter større tekniske inngrep, (...) Dispensasjonsbestemmelsen er i utgangspunktet ment for uforutsette tilfeller eller spesielle/særlige tilfeller som ikke ble vurdert ved opprettelsen av verneområdet, i første rekke bagatellmessige inngrep eller forbigående forstyrrelser.» (Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter M 106-2014)



«Kravet om at tiltaket ikke skal påvirke nemneverdig innebærer at dispensasjonsadgangen er snever».

Omsyna til sikkerheit og vesentlege samfunnsinteresser krev begge kriterium om å vere naudsynte. I «nødvendighetskriteriet» ligg det at omsyna til sikkerheit eller vesentlege samfunnsinteresser må vere av kvalifisert art, og «at det ikke er praktisk mulig å ivareta dem ved tiltak utenfor verneområdet eller ved tillatte eller mindre inngripende tiltak innenfor verneområdet.».

Den planlagde aktiviteten her kjem heller ikkje inn under tredje alternativ «vesentlige samfunnsinteresser». «Med vesentlig samfunnsinteresse menes tungtveiende hensyn av nasjonal betydning. Dette kan være for eksempel viktige kommunikasjonsanlegg som flyplasser, jernbaner eller større samferdselsprosjekter. Saker som har stor lokal interesse eller regional betydning er ikke tilstrekkelig som grunnlag for dispensasjon etter denne bestemmelsen». «Bestemmelsene gir også klar anvisning på at hensynet til verneverdiene skal være overordnet for eksempel næringsinteresser».

(Alle sitat frå Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter M 106-2014).

Konklusjon

Verken verneforskriftene eller naturmangfoldlova gir opning for det omsøkte tiltaket i Geiranger-Herdalen landskapsvernombordet. Verneområdestyret har signalisert dette under planleggingsprosessen til utbyggjar gjennom fråsegner i to høyringsrunder, med etterlysing av dispensasjonssøknad. Søknaden om dispensasjon kom for seint til å bli teken med i andre høyringsrunde.

Dispensasjon frå verneområdestyret må føreligge før planen blir handsama av andre instansar. «For vedtak etter den generelle dispensasjonsbestemmelsen i naturmangfoldloven § 48 er det tatt inn en saksbehandlingsregel om at søknad om dispensasjon skal behandles av forvaltningsmyndigheten for verneområdet før den eventuelt blir behandlet etter annet regelverk, jf. naturmangfoldloven § 48 tredje ledd».(M 106-2014)

Verneområdestyret vurderer no den nye dispensasjonssøknaden med bakgrunn i ny dokumentasjon og tidlegare fråsegn om prosjektet.

Fleire av verneformål blir negativt påvirkta av utbygginga. Dette gjeld nemneverdig påvirkning av geologiske førekommstar og landskapsformer, og likeins påvirkning av verneformål særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt plante og dyreliv.

Her er inngrep i strid med verneforskrift §3,1.1, som graving, boring, masseuttak, innskrenking av inngrepsfri sone , usikker påvirkning på hydrologi, fjordmiljø med sine økosystem og plante- og dyreliv.

«Landskapets art og karakter» blir nemneverdig påverka, også av forureinsing (utslepp, lys, lyd, lukt) og visuell dominans. Verneforskrifta har ingen opning for for synlege anlegg i overflata i samband med havbeite (§3,3.4).

Alt forureinsande utslepp er ulovleg innanfor landskapsvernombordet (§3, 6.1).

Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernombordet meiner at revidert plan for landbasert oppdrettsanlegg i Raudbergvika med nye dokumentvedlegg framleis utgjer ein trussel for verneverdiene i landskapsvernombordet.

0-alternativ

Planane vil gjere eit nemneverdig inngrep i verneområdet. Anlegg i dagen er redusert når det gjeld areal, høgd og utforming på sjølve bygningsmassa, men er framleis tunge inngrep, særleg samanlikna med det pålagte tilbakeføringsalternativet som heng ved anleggstomta i Raudbergvika.

Den nye visualiseringa i vedlegg til søknaden tar heller ikkje utgangspunkt i samanlikning med 0-alternativet. Når konsesjonsvilkåra for tidlegare anleggsdrift blir innfridd av ny eigar, vil



alle installasjonar vere tatt vekk, saman med brakkerigg, bygningar, høgspentline med trafo, vegar og stikkrenner. Terrenget vil vere revegetert, og alle holegangar sikra.

Då området fekk status som verneverdig landskap og internasjonal verdsarv, var Raudbergvika mykje omtala som eit hinder for utveljinga. Både i forarbeidet til vernet (Kongelig resolusjon og Verneplanframlegg 2003) og sist i kontrollrapporten frå UNESCO/IUCN av 2022 er anlegget i Raudbergvika forventa å bli reversert, noko oppryddingsvilkåra i anleggskonsesjonen framleis krev. Dette er utgangspunktet når vi måler verdi av påvirkning på inngrepstilfelle landskap- og avstand til dette.

Det omsøkte anlegget vil vere eit endå tyngre inngrep enn det som i si tid skapte vanskar for å godkjenne landskapsvern og verdsarv i området. Løysinga vart å utfase dette arealet i ei «lomme» omkransa av vern. Verneområdestyret kan ikkje i dag nytte dette unntaket som ei opning og dispensasjon for å skape eit tyngre inngrep med irreversibel og større influens inn i området.

Dei tidlegare gruvegangane i Robbergvika er lokaliserte slik at dei ligg utanfor vernegrensa. Det omsøkte anlegget med nye hallar og tunnelar er mange gongar større – og innanfor vernegrensene.

Tidlegare anleggsverksemder var også eit inngrep i landskapet, med bygningar, tekniske installasjonar, vegar og holer i berg, men med reversibilitet i konsesjonsvilkår og utan utslepp til sjø.

Det planlagde oppdrettsanlegget nytter lokaliteten i ein anna dimensjon når det gjeld virkning på land og i sjø, og lausriv området frå sin geologiske samanheng. Konsekvensane for landskapet i innfallsporten til landskapsvernombudet blir rekna som nemneverdige.

Geologisk mangfold

Planen omhandlar viktige verneområde og er av eit stort omfang. Vi har tidlegare etterspurt ei omfattande konsekvensutgreiing om naturmangfaldet.

Den reviderte høyringa inneholder utgreiinger som no i langt større grad tar for seg både naturmangfold, verdsarv og landskapsvern.

Naturmangfold er i Naturmangfoldloven definert som summen av biologisk mangfold, landskapsmangfold, geologisk mangfold og økologiske prosessar.

Når Cowi si utgreiing konkluderer med «betydeleg miljøskade» på både punkta om geologiske prosessar, mangfold og geotopar, er dette alvorlege ankepunkt for landskapsvernforvaltninga.

Forvaltninga kan ikkje forringe verdiar som bryt med vårt nasjonale og internasjonale ansvarsområde.

Revidert områdeplanen minskar uttak av 7.6 mill m³ til 5,5 mill m³ prosjekteerte faste masser av fjellet i Raudbergvika. (10 mill m³ «Transportmasse»)

Geologisk mangfold er slik definert: Geologisk mangfold er variasjonane i berggrunn, mineral, lausmassar, landformer og prosessane som skapar dei. Det geologiske mangfaldet er kjelde til variasjon i biologisk mangfold, natur- og kulturlandskap (jfr. §3i). Geologisk mangfold er også vår geologiske arv. Stadar som i kraft av å visa geologiske fenomen, prosessar eller ressursar, formidlar geologi som vitskap, eller grunnlag for biosfæren og menneskets utvikling og kultur (jfr. §3j) «Representativitet innen geologisk arv kan beskrives som geostedenes evne til å representere en eller flere av de prosesser og sammenhenger som samlet utgjør Norge eller verdens geologiske arv.» (NGU rapport 2020.042)

Dette er no delvis utsvarat gjennom å forflytte lokaliseringa av hallane slik at mineralforekomstane får mindre inngrep. Vi kjem likevel ikkje vekk frå ein bruk av fjellet som beveger seg vekk frå geologisk fokus.

Biologisk mangfold



Å ta vare på eit «rikt og variert plante- og dyreliv» er eitt av hovudformåla med landskapsvernet i området. Planomtalen stadfestar at registreringane og kunnskapen om konsekvensane for fugl i anleggsområdet og influensområdet til Raudbergvika er mangelfulle. Våre rådgivarar på fugl uttalar det same, og krev ei konsekvensutgreiing før eventuelle tiltak.

Støyforureining i form av lyd og lys i planlagt anleggs- og driftsperiode må utgreiast betre i forhold til sensitiv fugl. I tillegg til kongeørn er lokalitet for jaktfalk nemnt ved vernevedtaket (Kgl res 8.okt

2004), då som raudlista og einaste kjende hekking i fylket. Vi har ingen detaljert kartlegging og forsikring mot korleis både fugle-, plante- og dyreliv i området kan unngå å bli påvirka av industriaktiviteten.

Stortareforekomsten av verdi B i landskapsvernombordet ligg også innanfor influensområdet til forureining frå anlegget. Denne opptrer i flomålet, og vil truleg bli påført synleg skade. I eit heilskapleg landskapsvern kan ikkje omsynet til biologisk mangfald stoppe ved ei skarp grense, særleg ikkje i sjø. Verneformåla knyt saman plante-, dyre- og fugleliv med fjord- og fjellandskapet. Sårbarheit og omsyn må kartleggast for både dei ti første anleggsåra og ved permanent drift av anlegget. Ei vid sårbarheitskartlegging av fugl og marint liv også i influensområdet manglar.

Revidert plan nemner muleg forskingsområde av negative effektar på marint liv i samband med utbygginga. Dette er eit viktig forskingsområde, men bør prøvast ut andre stader enn i tilknyting til verneområde. «Forskningsaktiviteter som ikke trenger å lokaliseres til et verneområde, bør imidlertid kanaliseres utenfor verneområdet.» (Veileder -Forvaltning av verneområder M-106)

Utslepp

Eit av verdas største planlagde landbaserte oppdrettsanlegg vil også gi eit større risikobilde for miljøpåvirkning.

Oppdrettsanlegget vil blant anna ha ei utsleppsmengde til fjorden på 4383 tonn nitrogen i året etter reinsing. Dette er eit større utslepp enn noko anna verksemد i landet står for, og utgjer nesten 15 prosent av det samla utsleppet i sjø frå norsk landbruk. Eit slikt utslepp vil bryte med verneforskrifta sitt forbod mot forureinsing (§3, 6.1), og stri imot landskapsvernombordet sine formål.

Samanstilling

Søknaden si nye samanstilling av tidlegare rapportar om miljøpåvirkning viser til andre oppdrettsanlegg som har fått oppdrettsløyve siste året (Fensfjorden og Salfjorden i Trondheimsleia). Desse er under halvparten så store som det planlagde anlegget i Raudbergvika, og har ikkje influensområde i bandlagde verneområde.

At Raudbergvika har influensområde inn i landskapsvern- og naturvområde krever omsyn til fleire sett forpliktingar og føringar.

Sidan omsøkt anlegg er av ein storleik som ikkje er utprøvd på noko naturområde tidlegare, kan det vere vanskeleg å vise til tilsvarande sakers handsaming. Vi har likevel registrert ein liknande dispensasjonssøknad for landbasert oppdrett i Færder nasjonalpark.

Også her vart gjenbruk av fjellhallar nyleg planlagt for landbasert oppdrettsanlegg for 1000 tonn matfisk - ein hundredels storleik av planlagt produksjon i Raudbergvika. Rådgivande Biologar/Færder Fyr AS søkte dispensasjon for å nytte tidlegare militære berghallar til landbasert oppdrettsverksemد. Berghallane låg utanfor verneområdet, og tiltaket medførte ingen synlege inngrep på land.

Reinsegraden for Nitrogen var planlagt 40 % (20 % i Raudbergvika), og 80 % for organiske stoff (70% i Raudbergvika). Utsleppet etter reinsing var planlagt for 20 tonn nitrogen i året (mot 4383 tonn i Raudbergvika), 25 tonn organisk stoff (mot 4645 tonn i Raudbergvika).



Utsleppet skulle foregå gjennom ein fem km lang leidning for å unngå utslepp i verneområdet.

Styret for verneområdet avslørte søknaden. Grunngivinga gjaldt tekniske inngrep og utslepp, med fare for presedensvirkning. Avslaget vart anka og prøvt i departementet utan medhald (2021).

Drenering av vatn

Det kjem fram av Cowi-rapport at Kilstivatnet risikerer senke vasstand som virkning av tunnelbygging. Kilstivatnet med influensområde er ein viktig del av det totale økosystemet i Kilstimarkene. Kilstimarkene, Verpesdalen, Kilstisætra og Skrenakken representerer særskilte delar av landskapsvernombanen. Naturtypar, artsmangfald og naturlege prosessar skal ikkje påvirkast innanfor gjeldande områdeværn. Verneområdestyret har kravt ei stadfesting av at tiltaka inne i fjellet ikkje påverkar naturlege prosessar og naturtypar i området, verken på kort eller lang sikt.

Revidert planomtale leverer rapportar som syner svakheitssoner i området over planlagd tunnel. Desse krysser i mange tilfelle tilsigområde til Kilstivatnet. Søkjær legg no ved ein rapport som stadfestar at tunnelområdet under Kilstivatnet vil sikrast mot lekkasje med profesjonelle og godt utprøvde teknikkar under tunneldrivinga.

Risiko for lekkasjar frå tilsigområdet ser derimot ikkje til å vere heilt utelukka. Tilsigområdet omfattar både viktige natur- og bruksområde, og ei svak uttørking vil kunne utgjere store endringar for økosistema her.

Vatn, elver og fossar sin frie flyt er ein svært viktig del av det inngrepsfrie grunnlaget for landskapsvernombanen, og skal ikkje påverkast verken på kort eller lang sikt. Grenseverdi for tålt lekkasje under landskapsvernombanen må vere på null.

Boring og rigging av måleinstallasjonar i vatnet og elles i landskapet kan ikkje gjerast «etter føresegner» (jf søknad), men krev dispensasjon frå verneforskrifta.

Landskapsmangfald

Verdsarv- og landskapsverdiar har fått ein større plass enn ved første planutkast, og svarar betre ut fleire omsyn til verneområdeforvaltninga og verneforskriftene. Cowi si konsekvensvurdering etter ICOMOS (KUVA) og Miljødirektoratet sin rettleiar (M-1941) fokuserer på verdiar som landskapsvernet og verdsarven har felles.

Sjølve bygningsanlegget i Raudbergvika vil ligge utanfor verneområdet sine grenser, men det omfattande tiltaket vil likevel kunne påvirke landskapets karakter og art i verneområdet. Revidert plan samanstiller ikkje omsøkt tiltak med tilbakeføringsalternativet, og illustrasjonane syner heller ikkje alle dei utvendige landskapselementa. Ingen av dei illustrerer området etter endt gruve drift der konsesjonsvilkåra om opprydding er oppfylt. Cowi minner i sin rapport om oppryddingskrava som står att: fjerning av alle bygningar i Raudbergvika, tetting av inngangar, fjerning av veg og revegeterering av fjellsida. Dette er det reelle 0-alternativet som må samanliknast med nytt tiltak.

Vedlagde illustrasjonar syner heller ikkje tydeleg dei nye sikringstiltaka med sju meter høge fangjjerde og utreinska fjellsider. Plastring, utretting av strandlinja og fleire planlagde kaier er ikkje tekne med i illustrasjonen. Anleggsaktiviteten med lys, lukt og støy er lite utgreidd. Synleggjering av det nye «vassdraget», (tre gongar Valldøla i vårløysinga, jf Cowi) er lite omtala som nytt landskapselement- men vil gå føre seg under sjøflata.

Prioritert inngrepsfritt område

I Geiranger-Herdalen landskapsvernombanen er det inngrepsfrie landskapet eit viktig kriterium for vernet. Far etter folk blir sett på som ein verdi i samanheng med tidlegare naturbruk på Storfjordgardane. Elles er det urørte landskapet og sjeldne «villmarksområde» ein grunnleggande del av landskapsvernet.



Sett i lys av dette er naturen sine ugjestmilde rassider og uregjerlege fossefall «vakkert». «Sunnylvsfjorden og Geirangerfjorden er ein del av eit høgt prioritert inngrepsfritt område, og det einaste fjordområdet i Møre og Romsdal kor «villmarksområde» stadvis strekk seg heilt ut i sjøen», seier Miljøverndepartementet om den same delen av fjorden under opprettning av vernet (sitat, Kgl res 08.10.2004). «Omfanget av villmarksprega område skal ikkje reduserast. Ein bør nytte heilskaplege og langsiktige perspektiv i forvaltninga av desse ressursane, og fremje ivaretaking av naturarven med det biologiske mangfaldet, samt menneska sine ønske om natur og friluftsliv, ro og stilla i naturen.»

«Det skal ikkje gjennomførast nye store tekniske inngrep i vernesona eller brukssona som reduserer arealet med inngrepsfri natur.»(Forvaltningsplanen, s 36).

Inngrepsfridom synleggjeraast også gjennom registreringane i kartlaget «INON- inngrepsfrie soner». Sonene stadfestast gjennom faktisk målt avstand til tyngre tekniske inngrep. Omsøkt anlegg i Raudbergvika vil endre inngrepsfri sone innanfor landskapsvernombrådet slik det framstår i omtalen. Ytterlegare utviding av eksisterande anleggsområde i høgd, breidd og volum vil vere grunnlag for å innskrenke INON-sona i den nasjonale kartdatabasen. (INONnaturbase.no).

Landskapsvernombrådet vil også få ei endra utsikt og inntrykk av «Landskapets art og karakter», som forvaltninga er sett til å ivareta. Landskapsbildet ved innsegling til området eller ved utsikt fra området (bl a fra 10 av Storfjord-gardane i Sunnylvsfjorden) vil bli påvirka av lys, lyd, aktivitet og landskapsbilde. Anlegget vil vere vidare, bygningane høgre, terrenghøgda auka frå til kote 7, seks båtanløp per dag, fleire kaier, bergnase skal sprengast, strandlinja rettast og fyllast ut. Lyssetting og lyd vil og stå for endringar med vidt influensområde. Anlegget vil vere mange gongar større enn då den tidlegare olivindrifta i 2004 vart vurdert som uforeinleg med verneområdet sine verdiar, og skilt ut frå landskapsvernombrådet.

Av revidert områdeplan kjem det fram at området i Raudbergvika blir sett av få. Dette er inngangen til Sunnylvsfjorden og hovudinnfallsporten til landskapsvernombrådet (og verdsarven). Fleire tusen gjestar om dagen bruker denne hovudferdselsåra inn i landskapsvernet gjennom det meste av året.

Energibehov og løysing

Vi registrerer at tiltakshavar har tatt omsyn til vedtaket frå verneområdestyret (av 12.11.21), og gått vekk ifrå vidare planlegging av ei energiløysing som stirr mot verneforskrifta. Dette alternativet framstod framleis i revidert plan som versjon 1 av tre alternativ. Dagens alternativ i sjø vil vere mindre i konflikt med verneområdet.

§§8-12 NML Vurdering av miljørettslege prinsipp

§8 Kunnskapsgrunnlaget

Tiltakshavar presenterer i andre høyringsutkast mykje av nødvendig kunnskapsgrunnlag for å synleggjere verneverdiane i området før ei ny utbygging som dette.

Kunnskapen om verneverdiane sitt forhold til næring, reiseliv, friluftsliv og verdsarv kunne også vere relevant å nemne i denne samanhengen, og er blant anna framheva i forvaltningsplanen for området. Området for tiltaket er hovudinnfallsporten til det verna fjordlandskapet, nyttal av reiselivsnæringa i omfattande grad.

Landskapsbildet bør også i denne samanhengen bli fokusert som viktig påverkeleg verdi. I forarbeida til landskapsvernet og i kongelig resolusjon er denne verdien framheva nettopp i diskusjonen om industrianlegget i Raudbergvika.

Påvirkning på fugl, dyreliv og vatn er framleis usikker ved ein så langvarig og inngripande anleggsfase.



Mykje av kunnskapen om påvirkning frå omsøkt anlegg ber preg av mangelfull erfaring. Sidan dette oppdrettsanlegget er eitt av dei første i verda av eit slikt omfang og type, er det naturleg at konsekvensane ikkje er openberre.

Kunnskap rundt hydrologi, oksygenforhold og økosystem i dei unike fjordane er også etterlyst frå fleire forskingsmiljø.

§9 Føre-var-prinsippet

Verneområdestyret vurdere tiltaket sine påvirkningar på verneverdiene som negativ. Med omsyn til miljøpåvirkning og forurensing frå eit så stort anlegg, må vi konkludere med utilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag og usikre senarie. Vi må gjere bruk av føre-var-prinsippet i naturmangfoldlova §9, der risikoen for skade på naturverdiene veg tyngst.

«Bestemmelsen gir også klar anvisning på at hensynet til verneverdiene skal være overordnet for eksempel næringsinteresser. Ved usikkerhet om virkningene tiltaket eller aktiviteten kan ha for verneverdiene, bør føre-var-hensyn tillegges stor vekt i vurderingen.» (Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter | M106-2014)

§10 «Økosystemtilnærming og samla belastning»

I seg sjølv er den samla konsekvensen av omsøkt tiltak eit for tungt inngrep i landskapsvernombordet. Den fulle samla belastninga ved omsøkt tiltak vil likevel ikkje vere avklara før samla vurdering av alle planlagte inngrep i verneområdet er gjort.

Dei avbøtande tiltaka som blir nemnt gjennom nokre utsvarde motsegner ville sjølvsagt gjere den samla belastninga i området mindre, men likevel konkluderast med å vere eit tyngre teknisk inngrep som belastar verneområdet. Landskapsvernombordet Geiranger-Herdalen må også ta innover seg at vi forvaltar grunnlaget for norddelen av Vestnorsk Fjordlandskap. Vi er fellesansvarlege for å ta vare på naturarven som ligg til grunn for verdsarvstatusen i landskapsvernombordet. Samla belastning kan såleis seie gå utover eit vidare nedslagsfelt enn i «ordinære» verneområde.

Geiranger-Herdalen landskapsvernombord vil møte fleire utfordringar i forhold til store utbyggingar, og bør forutsjå prioriteringane ut frå kva inngrep som kan dispensesast med grunnlag i §48. (døme rassikringstunnel Korsmyra-Indreeide).

Verneområdet har denne gongen fått ei særskild handsaming og evaluering av påvirkning (Cowirapporten). Negativ påvirkning på verneverdiar kan likevel ikke oppvegast med lita påvirkning på andre verdiar (friluftsliv og samfunnsnytte, td), som vi ser framleis blir gjort i planen. Inngrep utanfor området vil dessutan auke samla negativ påvirkning på verneverdiene innanfor landskapsvernombordet, jf §49 i NML.

§11-12 Aktuelle avbøtande tiltak og vilkår, for eksempel vilkår om lokalisering, driftsformer, tidspunkt for tiltaket, trasé, omfang mv., jf. naturmangfoldloven §§ 11 og 12, skal også inngå i vurderinga.

Her kjem også tidsperspektivet og 0-alternativet inn. Landskapsvernet inneber eit langsiktig verdiperspektiv både bakover og fram i tid. Irreversible tiltak vil ha større innvirkning enn reversible i ein slik samanheng.

Rapportane opererer her med ei ti års anleggstid, og skil oftast mellom anleggsperiode og permanent drift. For å kunne sjå på samla belastning, bør planen klargjere kva påvirkning som gjeld i den ti år lange anleggsfasen og kva som gjeld ved permanent drift. Planen legg opp til storstilt miljøoversikt, men skildrar ikkje korleis ei eventuell nedtrapping og stopp i anleggsfasen kan gjerast muleg.

Scenariet med nedlagt drift og reversibilitet er ikke utgreidd.

Alternativ plassering er berre vurdert innanfor Storfjorden sitt område utan å ende med noko forslag.



Naturmangfoldloven §49

*Vi gjer merksam på at den delen av omsøkt anlegg som ligg utanfor landskapsvernombordet også skal bli vurdert ifht påvirkning av verneverdiar, jf §49 i Naturmangfoldloven:
«Verneforskriften gjelder ikke for virksomhet som skjer utenfor vernegrensen. Det er derfor viktig at tilgrensende områder forvaltes på en slik måte at ikke verneverdiene innenfor verneområdet blir forringet. I naturmangfoldloven § 49 er det fastsatt en særskilt bestemmelse for virksomhet som trenger tillatelse etter annen lov, og som kan virke inn på verneverdiene i et verneområde. Den aktuelle myndigheten som behandler søknaden skal legge vekt på hensynet til disse verdiene i vurderingen av om en tillatelse bør gis. Det samme gjelder ved fastsetting av eventuelle vilkår. (Miljødirektoratet, Rundskriv M-106-2014) Og vidare: «Dersom det er tvil om rekkevidden av bestemmelser i en verneforskrift, kan føre-var-betraktninger innebære at forskriften bør tolkes innskrenkende.»*

Behandling og endeleg vedtak

Verneområdestyret ønska ikkje å gi avslag på dispensasjonssøknaden under møtet 02.11.23. Styret einast om å endre innstillinga, og gjorde endeleg vedtak i saka 08.11.23 (digitalt)::

«DISPENSASJON OMRÅDEPLAN RAUDBERGVIA

Samrøystes vedtak:

Området vert søkt dispensasjon for, omfattar både areal utanfor verneområdet og areal som under jorda strekkjer seg inn i verneområdet.

Ved innskriving i verdsarven og etablering av verneområdet, vart grensene trekt slik at dåverande gruveområde vart halde utanfor og det vart også gitt høve for framtidig gruve drift. Jfr Verneføresegnene og Forvaltningsplan for Geiranger- Herdalen landskapsvernombordet.

Forvaltningsstyre makta kan etter søknad gje løye til: «prøveboring og naudsynte luftesjakter i samband med underjordisk bergverksdrift med uttaksstad utanfor verneområdet.» (

Verneføresegnene 1.3 pkt I)

I gjeldande kommuneplan/ arealplan er området på landsida i Raudbergvika regulert til masseuttak. Sjøområdet har reguleringsføremålet Vannareal for allmenn bruk.

Verneområdestyret meiner at ein i dispensasjonssaka må ta omsyn til dei argumenta som vart lagt til grunn ved etablering av verneområdet, samtidig som ein sikrar at verneføremålet ikkje vert vesentleg svekka. Dette betyr at ein både må kunne ta omsyn til viktige samfunnsmessige interesser, samtidig som ein stiller strenge krav for å sikre at verneverdiene ikkje vert vesentleg sett til side.

Verneområdestyret viser til dispensjonsparagrafen , NML § 48,(første og siste ledd) og meiner at denne opnar for å kunne gi dispensasjon i saka.

Det vidare arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan gir høve til å styre utviklinga slik at dei momenta som framleis er uklare, problematiske eller uønska kan omgåast eller løysast. Her vil vi særleg peike på krav som må stillast til utslepp og anna forureining.

Dette må sikrast gjennom reguleringsføresegnere til framtidig reguleringsplan og konsesjonsbehandling.

Med desse etterhalda meiner verneområdestyret at det kan gjevast dispensasjon.

(Miljørettsprinsipp §§8 – 12: Kunnskapsgrunnlaget (8), Føre-varprinsippet(9) Økosystemtilnærming og samlet belastning(10)) kostnadene ved miljøførringelse skal bæres av tiltakshaver (11) og miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder))



Vedlagt møteprotokoll med full saksframstilling.

Med helsing

Ingvild Hansen Nystad (e.f. leiar i verneområdestyret for Geiranger-Herdalen)
Verneområdeforvaltar Geiranger-Herdalen landskapsvernområde

Vedlegg:

1 Møteprotokoll 02.11.23 m innstillingar

Kopi til:

Fjord kommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
SNO Geiranger

Olavsgata 10 6210 VALLDAL
Postboks 2520 6404 MOLDE